



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8614 - 20/55516

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
07.09.2020

Vedtak til klagevurdering - gbnr 305/94 Fløksand

Tiltak: fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 305/94
Tiltakshavar: Yvonne Miroslawa Rouppert
Ansvarleg søkjar: Jens H. N. Bjordal


Saka gjeld søknad om riving av delar av hytte og oppføring av ny hytte på gbnr 305/94 Fløksand.

Planstatus

Planstatus:

Det omsøkte arealet er satt av til LNF-spreidd fritidsbustad område i arealdelen til kommunedelplanen (KDP) som vart vedteken 17.6.2015. Tiltaket som omsøkt er difor ikkje i samsvar med arealformålet i KDP.

I tillegg ligg tiltaket i omsynssone for verneplan for H190_1 Rylandsvassdraget, det er søkt om dispensasjon for etablering av tiltak i sikringssone for verneområde H190_1 Rylandsvassdraget den 28.04.20.



Handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 07.09.20 der følgjande vedtak vart fatta:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-formålet og dispensasjon for etablering av tiltak i sikringssone for verneområde H190_1 Rylandsvassdraget for riving av delar av eldre fritidsbustad og oppføring av fritidsbustad på gbnr 305/94 på Fløksand.

Vidare gir Alver kommune i medhald av pbl § 20-1 bokstav k, l) rammeløyve til riving og oppføring av fritidsbustad slik det er vist på vedlagte situasjonskart og teikningar på følgjande vilkår:

1. Det skal søkjast om igangsettingsløyve før arbeid kan setjast i gang.
2. Det skal ikkje skje avrenning til vassdraget under arbeidet.
3. Det er ikkje tillatt å leggje inn vatn eller etablere utselepp frå fritidsbustaden.
4. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan, datert 17.07.20, mottatt 24.07.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
5. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
6. Arbeidet skal avsluttast med ferdigattest.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

7. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer.

Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no eller på telefon 56171423.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Rammeløyve til riving og oppføring av fritidsbustad med dispensasjon- gbnr 305/94 Fløksand situasjonsplan og teikningar

Søknad om løyve til tiltak, rammeløyve - gbnr 305/94 Fløksand

Opplysningar om tiltakets ytre rammer

Søknad om dispensasjon

Teikning/ foto

Kopi til:

Jens Helge Nagell Bjordal	Postboks 92	5906	FREKHAUG
Yvonne Miroslawa Roupert	Ivarhaugen 11	5306	ERDAL

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-------------------------	--------------	------	-----------